

Det var veldig kjekt at så mange ville delta! Utifrå tilbakemeldingane de gav, ser me at det kan vere interessant å ha ei samling til før sommarferien. Me prøver oss på ei digital samling, som me kallar «ASK us» torsdag 7. mai 2024, kl. 14.00-15.00. Her tenkjer me at de kan senda inn spørsmål på førehand (seinast 29. april -24), og at me svarar så godt me kan på dette i eit digitalt, ope møte. At det er ope betyr at me ikkje kan drøfta enkeltsaker, men det er nok mange problemstillingar som er generelle og som vil gjelda for fleire. De må gjerne allereie no senda inn spørsmål/problemstillingar me kan drøfte. Send til [lene.foss.dalaker@sogndal.kommune.no](mailto:lene.foss.dalaker@sogndal.kommune.no).

**Elles er det andre spennande ting som skjer på ASK-området framover òg. Her får de ei lita oversikt:**

<p>Teikn-til-tale</p> <p>E-læring frå Statped i tre modular</p>	<p>Statped held på å utvikle ei E-læring i teikn-til-tale. I første omgang vil dette vere tilgjengeleg for dei som har barn som brukar TTT, og som har moglegheit til å sette av tid til dette før sommarferien. Det er ynskjeleg at ein samlar så mange som mogleg av nærpersonane til barna når ein skal gjennomføre modulane (tilsette bhg/skule/SFO, avlastning, familie osv.).</p> <p><b>Modul 1:</b> korleis gjennomføre E-læringen og ulike ressursar ein kan bruke. Estimert tid: 1 time.</p> <p><b>Modul 2:</b> Inkludering, rettigheter, kva TTT er og kven det kan passe for. Estimert tid: 1 time.</p> <p><b>Modul 3:</b> Komme i gang med TTT. Modellvideoar knytt til ulike tema og praktiske oppgåver. Anbefalast å dele modul 3 i to delar, ca. 3 timar pr. økt.</p> <p>Er dette noko som er av interesse, ta kontakt med din PPT-kontakt.</p>
<p>Grunnleggande teiknspråk</p> <p>HVL</p>	<p>Høgskulen på Vestlandet, Sogndal, vurderer å setje i gang eit emne innan "Grunnleggjande teiknspråk" og/eller "Teikn til tale" med studiestart allereie august 2024. Dei er i gang med å sjå på rammer og innhald for dette emnet, så det blir spennande å følgje med på kva som skjer vidare med dette.</p>
<p>Rolltalk Designer for Print</p> <p>Kurs på Teams</p> <p>10. april 2024, kl. 14.00-15.30</p>	<p>Rolltalk Designer for Print er ei programvare for å lage symbolbasert materiale for utskrift på papir. Programmet gjer det enkelt å lage materiale for dei som har behov for ASK. Innføring i korleis ein legg inn symbol og bilder, korleis lage og lagre eigen symbol, bruke malane som høyrer til, lage eigen malar, funksjonen 2 aktive språk. Kurset er for dei som har barn som har fått innvilga Rolltalk Designer for Print som kommunikasjonshjelpemiddel.</p>
<p>TD Snap-kurs (workshop)</p> <p>Hjelpemiddelsentralen, Førde</p> <p>11. september 2024, kl. 10.00-14.00</p>	<p>TD Snap er ei kommunikasjonsløysing levert av Tobii Dynavox. Det er representant frå Tobii Dynavox som held kurset. Innføring i grunnleggande funksjonar, redigeringsmoglegheiter og idear til bruk. Dette kurset er for dei som jobbar med å tilpasse kommunikasjonsløysingar for personar som har TD Snap som kommunikasjonsløysing.</p>



Kva med å gå inn i påsken med ein podcast om ASK på øyra? Her er nokre tips til to podstar som handlar om ASK:

**ASK – en podcast om alternativ og supplerende kommunikasjon** (Tobii Dynavox)

**Milla says – Den digitale kaffepraten** (Milla says)

**Talking With Tech AAC Podcast** (Rachel Madel and Chris Bugaj)

**Discovering Voice with AAC** (Coaching Flores)



Ynskjer dykk uansett god påske!


Vennleg helsing

Lene Foss Dalaker


Fagansvarleg for ASK-nettverket

Ingrid Steine Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn



© Statped



© Statped